



Opplysningsvesenets fond

Referansar:

Dykkar:

Vår: 16/1860 - 17/1472

Saksbehandlar:

Rolf Raknes

rolf.raknes@radoy.kommune.no

Dato:

06.02.2017

## Delingssak Gbnr 45/1/131 Manger - ny grunneigedom for eksisterande bustad - søknad om deling - vedtak


Delegasjonssak nr.: 023/2017

### Saksutgreiing:

**Heimelsavar:** Søkjar er heimelshavar på eigedomen.

### Tiltak:

Saka gjeld søknad om deling av festetomt 45/1/131 til uendra bruk.



#### Post

postmottak@radoy.kommune.no  
Radøyvegen 1690, 5936 Manger


#### Kontakt

Telefon +47 56 34 90 00  
Telefaks +47 56 34 90 01

www.radoy.kommune.no  
Konto 3636 07 00776  
Org.nr. 954 748 634

## Planstatus

Eigedomen ligg innanfor kommunedelplan for Manger



Bygget på eigedomen vert nytta som bustad, men arealet er disponert til i hovudsak næringsføremål i gjeldande plan.

## Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon, då det er tale om uendra bruk av eigedomen.

## Handsaming etter jordlova

Tiltaket krev ikkje handsaming etter jordlova.

## Kulturminne

Det er ikkje registrerte kulturminne på omsøkt eigedom.

## Nabovarsling

Tiltaker er nabovarsla. Det ligg ikkje føre merknader frå naboar!

## Andre styresmakter

Søknaden om deling ved uendra bruk er i samsvar med gjeldande reguleringsplan og treng ikkje høyring i høve til regionale styresmakter.



## **VURDERING**

Frådeling vil her ikkje føra til faktisk endring av bruken. Arealføremål vil difor ikkje hindre matrikulering av eigedom med uendra bruk. Arealføremålet vil derimot ha verknad for framtidige tiltak på eigedomen. Rådmannen meiner difor at deling kan gjerast i samsvar med uendra bruk. Eigedomen har god tilgong på VA infrastruktur og har tilkomst til offentleg veg, noko som også gjer det mogeleg med uendra bruk (Einebustad)

Rådmannen vurderer på dette grunnlag at det kan gjevast løyve til deling og matrikulering av ny eigedom slik det er søkt om.

### **Vurdering etter naturmangfaldslova**

Kommunen finn ikkje at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova §§ 8-12.

### **VEDTAK:**

Det vert gjeve løyve til deling og etablering av ny grunneigedom for festekontrakt 45/1/131, slik det er beskrive i søknad av 14.10.2016

Grunngjeving av vedtaket går fram av saksutgreiinga.

Vedtaket har heimel i Plan og bygningslova § 20-1 d m og naturmangfaldslova §§ 8-12, samt matrikellova § 33.

## **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

### **Klage på vedtak**

*Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.*

*Det kan ikkje reisast saksomål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jfr forvaltningslova § 27b.*

Dersom det ikkje vert klaga på vedtaket vert saka sendt til oppmålingsavdelinga i kommunen som tek kontakt for oppmålingsforretning.

## 1. Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
11.1.2	Deling i samsvar med arealformål, men der grensene ikkje er fastsett i godkjent reguleringsplan	1	5600
	Totalt gebyr å betala		5600

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl § 21-4 (6).

### Klage på gebyr

*Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.*

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt arealplanleggjar Rolf Raknes.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland  
leiar teknisk forvaltning

Rolf Raknes  
arealplanleggjar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Kopi til:

Radøy kommune

### Mottakarar:

**Mottakarar:**  
Opplysningsvesenets fond